

Notat

Frå: Fylkesdirektøren for samferdsle

Til: Hovudutval for samferdsle

Kopi til:

Handlingsplan for trafikktrygging 2018 - 2021

I august 2016 vart det sett i gang eit arbeid med kunnskapsgrunnlaget til Regional transportplan 2018 – 27. Kunnskapsgrunnlaget omfattar også ei omfattande trafikktryggingsanalyse som grunnlag for utarbeiding av både Regional transportplan 2018 – 2027 og Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021.

I arbeidsdokument 1/17 Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 vart det gjort greie for den framdriftsplanen som vart lagt til grunn for arbeidet med handlingsplanen.

Ferdigstilling kunnskapsgrunnlag/analysearbeidet i RTP	14.02.17
Arbeidsdok. 1/17 FTU Handlingsplan trafikktrygging 2018 – 2027	14.02.17
Ferdigstilling av utkast til RTP og handlingsplan for trafikktrygging	05.05.17
Handsaming av utkast RTP i HS	30.05.17
Handsaming av utkast handlingsplan trafikktrygging i HS. Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn	30.05.17
Handsaming utkast RTP i FU, vedtak om utlegging offentleg ettersyn	20.06.17
Utlegging offentleg ettersyn	23.06.17
Høyringsfrist	30.09.17
Gjennomgang innkomne merknader	Okt./nov.
Førebuing sak til politisk handsaming - godkjenning	Okt./nov.
Handsaming RTP og Handlingsplan trafikktrygging i HS	21.11.17
Handsaming RTP i FU	22.11.17
Godkjenning i FT	05.12.17
Justering av plandokument etter vedtak i FT - publisering	15.12.17

Etter denne framdriftsplanen skulle utarbeidinga av transportplanen og handlingsplan for trafikktrygging skje parallelt våren 2017. Vedtak om utlegging av transportplanen vart gjort av FU 20. juni. Etter framdriftsplanen skulle handlingsplanen for trafikktrygging leggjast fram for HS/FTU 30 mai i år med vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, seinare justert til 27. juni 2017. Av ulike årsaker vil ikkje handlingsplanen for trafikktrygging bli lagt fram utvalet for vedtak om utlegging til offentleg ettersyn 27. juni.

I same arbeidsdokument vart også etablert ei arbeidsgruppe samansett av 3 medlemar frå FTU samt 2 frå samferdsleavdelinga og 1 frå Statens vegvesen. Det har ikkje lukkast å samle arbeidsgruppa til møte for å drøfte mål, satsingsområde og strategi.

Med utgangspunkt i overordna mål, satsingsområde og strategiar er dei konsultative medlemene i FTU utfordra på å kome med innspel på konkrete tiltak innan dei ulike satsingsområda. Det er gjennomført møte med dei konsultative medlemene, men vi har ikkje fått inn tilstrekkeleg med tiltak til at vi kan legge fram eit utkast for vedtak om utlegging til offentleg ettersyn. Dette treng vi litt meir tid til.

Vi legg statens sin null-visjon til grunn for overordna visjon: 0 drepne og 0 varig skadde i trafikken.

Hovudmålet i handlingsplanen er:

Målsettinga for fylket er at talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Sogn og Fjordane skal reduserast til 16 innan 2024.

Denne målsettinga kan bli endra/justert fram til planen vert lagt fram til vedtak om offentleg ettersyn.

Fylkesdirektøren vil kome med framlegg til følgjande justert framdriftsplan for arbeidet med handlingsplanen:

Ferdigstilling utkast handlingsplan trafikktrygging	11.09.17
Handsaming av utkast handlingsplan trafikktrygging i HS/FTU. Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn	26.09.17
Høyringsfrist	03.11.17
Handsaming handlingsplan trafikktrygging i HS/FTU med framlegg til saksordførar for FT	21.11.17
Godkjenning av handlingsplan for trafikktrygging i FT	05.12.17